

Renate Lade

Sykkylvskvinna Renate Lade tok ikkje sitt publikum med storm eller store fakter på møtet den 10. januar. Ho nådde innom til hjartet på rotarianarane med lavmælt og ekte medmenneskeleg kompetanse, kommunisert på ein framifrå måte. Ho kopla også vakker, levande song med musikk "på boks" frå si etter kvart svært så berømte CD Your Story, som har heile 24 veker på Norsktoppen. "Du har tid igjen, og det er ein nytelse å høyre på deg" var attesten ho fekk frå Presidenten då klokka nærma seg 19. Vi anbefaler så absolutt eit besøk på Renate si heimeside www.renatelade.com

